

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 10

15. desember 1980

16. årg.

I dag er det fødd dykk ein frelsar

Eg kjem med bod til dykk om ei stor gleda som skal timast alt folket: Idag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by: Han er Kristus, Herren. Slik lydde engelen sin bodskap til hyrdingane på Betlehemsmarka.

Denne bodskapen har lydt utover jorda kvar julehelg i snart 2000 år, og sameleis lovsongen englane song: Æra vere Gud i det høgste, og fred på jorda, og hugnad med menneske. Mange store budskap har nok i den tida lydt utover jorda, men ingen som kan sidestillast med den bodskapen som lydde på Betlehemsmarka, fyrst ved englemunn og sidan ved dei mange som såg og trudde.

Det står om hyrdingane at då englane for opp att til himmelen sa dei seg imillom: Lat oss ganga radt til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har varsla oss om. Dei skunda seg dit, og fann Maria og Josef og barnet slik det var sagt dei. Og då dei for heim att lova og prisa dei Gud for alt det dei hadde sett og høyr, og som høvde så vel med det som var sagt dei.

Kven var så dette barnet som blei født i Betlehem? Englane sa at han var Kristus, Herren. Kristus er det greske ordet for **Messias**, og tyder den salva. Han er den frelsar og konge som Gud hadde lova gjennom profetane, den som Gud salva til å vera verda sin frelsar og utlørsar. Skrifta lærer at han kom for å gjera ende på djevelens verk: Til det er Guds Son

openberra at han skal gjera ende på djevelens verk (1.Johs.3,8). Det vil seia at han skulle opretta det djevelen øydela ved syndefallet.

Du skal kalla hans navn Jesus, for han skal frelsa folket frå syndene deira, sa engelen til Josef (Matt.1,21). Det er det einaste navnet på jorda som me kan bli frelst ved (Ap.gj.4,12), og utanom han finst det ingen som kan frelsa bortapte syndarar som oss menneske.

Engelen sa vidare at **han er Herren**, og Skrifta lærer at han er Herren over herrane på jorda og kongen over kongane på jorda. Han er den «Herren» du les om gjennom det Gamle Testamente, den same Herren som kalte Abraham, som Abraham tala med då han ba for folket i Sodoma og Gomorra, som tala med Abraham utanfor teltdøra då han sa at til neste år på denne tid skal du ha ein son. Det var også han som viste seg for Moses i klungerrunnen og kalte han til å utfri Guds folk frå trelldomen i Egypten, for å nemna nokre av dei stader Herren er omtala.

Engelen sa til Maria: Den Heilage Ande skal koma yver deg, og krafta åt den høgste skal yverskyggja deg, difor skal og det heilage som vert født kallast **Guds Son. Jesus er sant menneske**, det einaste menneske som er reint, godt, rettferdig, heilagt, utan synd og skuld for Gud, som har livt til Guds behag på jorda, den einaste som elska Gud over

alle ting og sin neste meir enn seg sjølv. Men han er også sann Gud, Guds einborne Son, fødd av Gud frå evighet. Han var i opphavet hjå Gud, han var Gud, og alle ting har vorte til ved Han (Johs. 1,1-fg)

Også dei mange navn Jesus har fått i Skrifta fortel oss mykje om kven han er: For eit barn er oss født. ein son er oss gjeven, og herreveldet kviler på hans skuldre, og han heiter under, rådgjevar, veldig Gud, æveleg fader, fredsfyste (Esa 9,6).

Profeten Esa. seier at møya skal bli med barn og føda ein son, og ho kallar han Immanuel, som tyder Gud med oss. Jesus kallar seg sjølv for Menneskesonen og Guds Son, og seier at eg er dæra som fører inn til Gud, veien som fører til Gud og himmelen, og Skrifta kallar han for livet, vår rettferdighet, vår fred, vårt håp og vår trøst o.s.v.

Hyrdane sa då englane for frå dei, lat oss gå til Betlehem og sjå dette som Herren hadde varsla dei om, og då dei for heim att lova og prisa dei Gud for alt det dei hadde høyrte og sett, og som høvde så vel med det som var sagt dei. Vil du gjera det same som dei, gå til Bibelen for å sjå kva som er sagt om Jesus i den gamle pakta gjennom profetane, og så til det som det Nye Testamente fortel, vil du erfara at det høvde så vel med det Gud hadde lova gjennom profetane. Og eg er viss om at du vil få ei rik og velsigna julehelg, og takka og lova Gud for hans useielege gáva ved Jesus.

Kva betydning har så Jesus for oss som lever i dag?

Han kom for å sona og ta bort verda si synd, ved sin stedfortredande død på krossen og sitt eige dyre blod. Han sa sjølv: det er fullført. Han betalte vår syndeskuld og tok vår syndestraft på seg, så me skulle gå fri, ved at det me hadde skuld i alle let Gud råma han. Og før sin død levde han eit fullkome menneskeliv, uten synd og til Guds velbehag, og det levde han for meg og deg. Skrifta vitnar at Gud har gitt oss eit evig liv, og det er i Sonen (1.Johs.5). Ved han kom

det ei rettferdighet frå Gud, som held framfor den tre gongjer heilage Gud ved den høgaste domstol, og den er for alle og over alle som trur.

Det som eg her har nemnt, det gjorde Gud for alle menneske, det er ferdig og tiltenkt alle menneske, utan hensyn til kven me er eller kva me har gjort og korleis vårt liv har arta seg her i verda. Jesus elsker deg, kven du så er, og kom for å frelsa deg. Ingen går fortapt på grunn av synda, «ingen så ussel er at ei Jesus har ham kjær», syng ein som såg inn i Guds evangelium.

Når den største del av menneske likevel går evig fortapt, så er det på grunn av vantrua og at dei ikkje tok imot frelsaren og ikkje slepte han inn i sitt hjarta og liv. (Sjå Hebr.3,12-19). Me høyrde ovanfor at Jesus har evig liv, men den som ikkje vil tru på Sonen får ikkje sjå livet, og Guds tru på Sonen får ikkje sjå levet, og Guds vrede blir verande over han.

For å få ei sann og god jul, må Jesus bli født inn i vårt hjarta og liv: Og det er åleine eit Guds verk og under, som det var når Jesus blei fødd inn i verda. Jesus blei unnfanga ved den Heilage Ande, lærer Skrifta, og Andens verk er det når syndaren blir gjenfødt til det evige livet. Først vekkjer Anden deg til å sjå og erkjenne di synd og din fortapte tilstand, til anger og sorg over synda, som er etter Guds hug og verkar omvending til frelse som ingen angrar, og lengt etter frelse og frigjering frå synda. Utan dette Guds verk i sjela og samvitte kjem ingen til meg, seier Jesus. Det kalla dei gamle for å vera vakt.

Der dette lukkast for Anden, så du dømmer deg sjølv, gir Guds ord og Anden rett, gjev opp motstanden mot Jesus, vil du få erfara at du blir ikkje dømd, som det står i 1.Korint.11,31-32. I staden vil den Heilage Ande lukka opp Skriftene, så du ser at du er frelst. Jesus har gjort alt det du ikkje makta. Jesus blir deg til visdom frå Gud og rettferd og helging og utløysing.

Den dagen vil det gå deg på same måten som det gjekk med hyrdingane.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp. navn og adr. Bladet blir halde oppe av frivillige gáver.

Eksp.: M. Skumsnes, Hørneland
5400 Stord. Postgiro: 5 42 88 75

Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseiling, sdrasseforandring og gáver til bladet.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund. Tlf. (055) 51080

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Form. Tore Harestad

4158 Bru. Tlf. 045 - 14016

Kass.: Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro: 5 68 21 33. Bankgiro:
Vikøy Sparebank 3530.21.00932

S. Botnens Boktrykkeri

Dei lova og prisa Gud for alt det dei hadde høyrte og sett, og som hævde så vel med det som hadde vorte sagt dei. Og då dei hadde sett det, fortalde dei alt det som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Og alle som høyrde det dei fortalde undra seg over det. Og du sjølv vil også undrast over at du ikkje har sett dette før, at det var slik og så enkelt hadde du aldri tenkt.

Med dette vil eg ynskja alle lesarane av Lov og Evangelium, kjende og ukjende, ei av Gud velsigna julehelg. Og det får du saman med Jesus og Bibelen. Utan dei to blir jula berre ei menneskeleg, verdsleg og heidensk jul. Takkar for dette nådeåret som er til ende, og minner om at Lov og Evangelium er ei rimeleg julegáve til slekt og vener. Det er nemleg gratis for alle som sender namn og adresse.

Beste helsing redaktøren.

Hvor finnes det jeg kan stole på i denne verden ?

AV ØYVIND ANDERSEN

Bønn: Evige og almektige Gud, vi kommer til deg og takker deg for ditt ord. Takk for at det er din egen personlige tale som møter oss i ditt ord, og at den som hører det, han hører deg, og den som tar imot det, tar imot deg, og den som tar sin tilflukt til det, han tar sin tilflukt til deg. Herre, la det stå klart for oss i denne stund, og gi du meg alt det jeg trenger for å bære det frem. Amen.

I salme 19,8 leser vi: Herrens lov er fullkommen, den vederkveger sjelen. Herrens vidnesbyrd er trofast, det gjør den enfoldige vis. Herrens befalinger er rette, de gleder hjertet. Herrens bud er rent, det opplyser øynene. Herrens frykt er ren, den står fast evinnelig. Herrens lover er sannhet, de er rettferdige alle til-sammen. De er kosteligere enn gull, ja fint gull i mengde, og søtere enn honning -ja honning som drypper av kakene. Også din tjener ble påminnet ved dem. Den som holder dem har stor lønn. Hvem merker hvor ofte han feiler?, forlat meg mine løynlige synder! Bevar også din tjener fra skammelige synder, la dem ei herske over meg! Så blir jeg ulastelig og uten skyld for store overtredelser. La min munns ord og mitt hjertes tanke være til velbehag for ditt åsyn, Herre, min klippe og min gjeløser! Amen.

Hvor finner et menneske det som er trygt og sikkert i denne verden? Det som man kan stole på uten å bli tilskamme, det som man kan glæde seg over uten å bli beskjemet, det som man kan sette sin lit til og vite at nå er jeg trygg, det som man kan høre på og bli vis og forstandig og få vite hvordan man skal innrette sitt liv? Ja, hvor finner man det

henne? Det svarer dette ordet på som jeg leste her.

Du finner det i Guds eget ord! Herrens lov er fullkommen, står det. Når det er brukt ordet lov, så tenkes det ikke bare på i betydningen av bud og krav, men det tenkes mer i betydningen av alt Guds ord. Summen av alt det Guds ord som vi kaller lov og evangelium. Alt Guds ord er gitt forat vi ved det skal komme til liv i Gud, og Herrens lov er fullkommen, står det, den vederkveger sjelen. Viss du tar Guds ord til hjertet, så vil du nok i første omgang få se deg selv, du vil bli forferdet over deg selv, du vil bli rystet over hva du får se hos deg selv, fordi Guds ord avslører oss i bunn og grunn. Men du vil få se mer. Du vil få se det som har frelst deg, du vil få se de gjerningene Gud har fullført og gitt oss i Jesus Kristus, og du vil få vite at du har syndenes forlatelse i Jesus. Da er det noe som vederkveger sjelen, det å vite at jeg har funnet selve livet, funnet det som gjør meg trygg og som jeg kan stole på i enhver situasjon.

Herrens vidnesbyrd er trofast. Det står om dette vidnesbyrd i det Nye Testamente at Gud har vidnet om sin Sønn, og dette er vidnesbyrdet at Gud har gitt oss evig liv. Det er altså en gave, og dette liv er i hans Sønn. Dette vidnesbyrd, som alt Guds vidnesbyrd, er trofast, det kan ikke narre et menneske, det kan ikke bedra deg, og det gjør den enfoldige vis.

Den som begynner å se seg selv, får et sinn som er rettet på Guds ord, han blir det Bibelen kaller enfoldig. Det vil si han får et sinn og et hjerte som bare vil en ting. Han er ikke splittet og delt, han er ikke tvesinnet, han får et sinn som er rettet på Gud, og dette kaller Bibelen å være enfoldig, og det innbefatter at han tar Guds ord til seg akkurat slik som det står

De enfoldige er gjenstand for Guds serskildte beskyttelse. Det ser vi f.eks. i Salme 116 hvor det står: Herren verner de enfoldige. Og nå hører du her at Guds vidnesbyrd gjør den enfoldige vis. Du får den visdom som følger med Jesus, han som er gitt oss til visdom, han er blitt oss

visdom fra Gud, sier Guds ord. Og slik fortsetter da dette ordet å si både det ene og det andre som gir menneskelivet innhold, trygghet, mening og mål, uten at vi nå har tid til å stanse for det alt sammen.

Det som jeg serlig ville understreke, er det som står at den som tar Guds ord til seg, han gjør det som er Guds vilje i ordets aller egentligste forstand. Han vinner en rikdom som er mer verd enn all verdens gull, og han vinner det som menneskene ikke kan oppnå i denne verden, gjennom Guds ord evig liv og sann guds frykt. Og så sies det om denne guds frykt at den står fast evinnelig, ikke bare her i tiden. men den fører oss utover døden, som det heter i et annet Guds ord, og den står fast i all evighet. Så du skjønner at det lønner seg å høre, og å ta vare på det du hører, og jeg vil spørre deg: **Gjør du det?**

Nå har du hørt en del gjennom denne andakten, si meg, kan du ikke ta dette til deg? Det vil svare seg stort, ikke minst for deg som aldri har brydd deg om Guds ord, hvis du for alvor hører det og tar det til deg.

Da vil vi jo skjønne at det er meget med oss som er annerledes enn vi tror. Det tales her om lønnlige synder, hvem merker hvor ofte han feiler, forlat meg mine lønnlige synder. Jeg vet ikke selv om alle mine synder, de er mange fler enn jeg vet om, slik er det med deg også. Vi får nok se en hel del, og vi får se nok til å vite at vi er fortapt uten Jesus, det får vi. Men vårt liv er nok meget verre enn du og jeg forstår. Men nå skal du høre at du får syndenes forlatelse også for alt det du ikke ser, og du kan tale med Herren om dette slik som denne salmen gjør og be ham om dette: Forlat meg mine lønnlige synder. Du kan også få be ham om det som også står her: Bevar meg fra skammelige synder. Det finnes mange kristne som blir så forferdet fordi de oppdager de grusomste ting i sitt eget hjerte. De oppdager lyster som de tenkte ikke skulle være mulig for dem å ha. Kjære deg, det er ikke grenser for hvordan et menneskehjerte er. Det er som sagt meget verre

enn vi selv forstår, men du skal ikke forskrekkes over dette, for Herren skal bevare deg og han ber deg her om at du selv skal be ham om å bevare deg. Bevar din tjener fra skammelige lyster, la dem ikke herske over meg. Om de nå finnes der, skal de ikke herske over deg, så blir du ulastelig - det vil si i menneskers øyne - og uten skyld for det vi kaller store overtredelser.

Så får vi be en bønn, og jeg skal villig bekjenne at det er en av mine spesielle bøønner dette: La min munns ord, og ikke

bare det, men også mitt hjertes tanke, altså både det jeg sier og tenker, la det være til velbehag for ditt åsyn, Herre, min klippe og min gjenløser. Den bønn hører Herren. Regn du med det, og ta så dette til deg og sett din lit til ham som virkelig er din klippe, din gjenløser, som har kjøpt deg til Gud med sitt blod. Amen.

Avskrift etter lydband fra den Lutherske timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea, ved A.L.

BORTVIST AV JESUS

Det er mer og mer blitt en hjertebønn for meg, at vi ikke tross alt, tilsist må høre disse ord av Jesus: Jeg kjenner dere ikke, vik bort fra meg dere som gjorde urett. Dette er alvorlig, serlig når vi ser hva slags mennesker Jesus må vise bort.

Hvorfor skal det bli slik? På det finnes det vel bare et svar. Det må bli slik p.g.a. djevelen og vår religiøse faldne naturs forførende makt til å hindre oss i å ta Guds formaninger alvorlig nok, på dette område. Ofte må jeg tenke på et avsnitt i Bibelen, Matt.7,13-29, hvor Jesus taler om dette. For korthets skyld siterer jeg bare noen løse tre uttrykk: Gå inn gjennom den trange port! Den port er vid og den veg er bred som fører til fortapelsen. og mange er de som har gått inn gjennom den. Den port er trang og den veg er smal som fører til livet, og få er de som finner den. Vakt dere! Falske profeter som er glupende ulver kommer til dere i fåreklaer. Et godt tre kan ikke bære onde frukter, og et dårlig tre kan ikke bære gode frukter. Hvert tre som ikke bærer gode frukter blir hugget ned og kastet på ilden. Derfor skal dere kjenne dem på deres frukter. Ikke enhver som sier til meg Herre! Herre! skal komme inn i himlenes rike, men den som gjør min himmelske Faders vilje. Mange skal si til meg på hin dag: Herre!Herre!

har vi ikke talt profetisk i ditt navn, og utdrevet onde ånder i ditt navn, og gjort mange kraftige gjerninger ved ditt navn? Da skal jeg vitne for dem: Jeg har aldri kjent dere, vik bort fra meg dere som gjorde urett. Derfor, hver den som hører disse mine ord og gjør etter dem, han blir lik en forstandig mann som bygget sitt hus på fjell.

Fjellgrunnen holdt huset fast da uværet kom. De som hører Jesu formaninger, men ikke gjør etter dem, er uforstandige som bygger på djevelens mange besnærende, forførende religiøse falske grunner som ikke holder i uværet på den siste dag.

Hva skal Jesus si til oss på den siste dag? Går vi inn og ut i den trange port og finner føde til daglig fornyelse og mere god grukt på den smale veg? Jesus sier at ellers hjelper det oss ikke om vi sier Herre! Herre! aldri så meget, og om vi bygger det fineste og kristeligste huset i hele verden så nøyaktigt som vi kan etter Guds oppskrift. Både Gud og djevelen vet at det er ikke evig avgjørende for oss hvor villige og flinke vi har vært i vårt byggearbeid. Men det evig avgjørende for oss er om Jesus kan kjennes ved oss som sine, og at han får gi oss åndelig visdom, så vi ikke bare hører og taler om det, men virkelig av hjertet er opptatt av

om vi bygger på den grunn som Gud fra evighet av har lagt.

Det var denne myndige forkynnelse som skilte Jesu grundige evangeliske lære fra de skriftlærde og fariseernes overfladiske menneskemoralske og loviske lære. Disse forhold er ikke blitt mindre aktuelle for oss som står nærmere endetiden. Det er avgjørende aktuelt for oss å etterfølge Jesu formaninger, så vi kan stå våkne hver for oss, og vite oss helt sikker på Guds ords grunn hvor vi står.

Etter Guds ord er Guds evige og eneste klippegrunn den, at han selv etter sitt eget evige frie råd har utvalgt oss faldne syndere i Jesus, før verdens grunnvold

var lagt, forat vi på grunn av denne ene og alene Guds gjerning skal kunne stå hellige, ulastelige og ustraffelige for Guds hellige ansigt. (Efes. 1,1-14. Kolles. 1,21-23.) I 1. Johs. brev 5,12 sier Guds ord at den som har Sønnen, han har livet, den som ikke har Gud Sønn, han har ikke livet. Salme 34,23 sier at ingen av dem som tar sin tilflukt til ham, skal dømmes skyldig. I Rom. 4,5 leser vi at den som tror på ham som rettferdiggjør den ugudelige, ham regnes hans tro til rettferdighet.

Har du bygget ditt hus på klippen?

Kristoffer Høie

Er du under synda eller under nåden ?

Bibelen talar mykje om synd, og den blir kalla for vantru. Anden skal overtyda om synd, fordi dei ikkje trur på meg, seier Jesus i Johs. 16,9. I 1. Moseb. 3. og 4. kap. blir det tala om det same. Gud sa til Adam og Eva: «Men det treet som gjev vit på godt og vondt, må du ikkje eta av, for den dag du et av det skal du døy».

Til Kain sa Herren, då han såg kva som budde i hjarta og tankane hans, «har du godt i tankar, kan du ikkje då lyfta opp augo? Men har du ikkje godt i tankar, so ligg synda framfor døra og lurar. Ho trår etter deg, men du lyt halda henne i age». Ikkje noko menneske kunne hindra synda og synda sine fylgjer, den trengde seg gjennom til oss alle. «Difor, liksom synda kom inn i verda ved eit menneske, og døden ved synda, og døden soleis trengde seg gjennom til alle menneske fordi alle synda», står det i Rom. 5,12.

Her ser vi at synda og døden høyrer saman. Dei fleste menneske tenkjer vel her på den lekamlege døden, for den både ser og kjenner alle til. Men den **ådelege død** er langt, langt verre, for den skil oss frå Gud. Den åndelege død

kjenner ikkje det naturlege menneske til.

Trur du at Kain hadde slege Abel i hel, om han hadde visst kva denne synda førde med seg? Eller hadde Judas selt sin Herre og frelsar som han gjorde, om han visste kva fylgjer det ville få? Eller trur du Paulus ville samtykt å steina Stefanus, om han hadde visst kva dei gjorde? Og trur du at vort folk ville vist Jesus og hans frelse frå seg slik dei gjer, om dei viste kva dei viser frå seg og fylgene det fører med seg?

Men **Guds ord står evig fast**, og det talar om eitt folk som ferdast i myrkret og bur i dødsskuggens land, og dei elskar myrkret framfor ljuset, for dei vil ikkje at syndene deira skal koma fram i ljuset. Den åndeleg døde elskar den åndelege død framfor det åndelege liv, synda framfor samfunn med Gud, verda og dei ting som høyrer verda til framfor frelse og barnekår hjå Gud. Der må skje ein ny fødsel i menneske sitt hjarta og liv, før dei ser og trur det Gud talar i sitt ord om synda og frelsa i Jesus Kristus. Der må bli liv, før ein død kan høyra, sjå og forstå, og på same vis er det med den

ånedeleg døde.

Gud tar også om livet og vegen til livet, korleis vi skal bli berga frå synda si løn, som er døden.

Tenk om konge og regjering sende ut ei melding om at landet var omringa av verda si sterkaste hærmakt, at alle måtte ta med seg den mat dei hadde og røma ut frå alle byar, for nå gjeld det livet. Då var nok ikkje folket trøytte og likegyldige, då ville nok liv og sikkerhet gå framfor alt anna. Det ville bli trangt i butikkane som i juleveka, og kø på vegar og gater. Nå galt det å koma seg i sikkerhet, for bodslapen blei høyrd, truidd og handla etter.

Men når Herren ropar, og seier frå kva som ventar syndaren, at det ventar dom og død og ei evig fortaping, om du ikkje reddar deg i sikkerheit ved å fly til fristaden hjå Jesus. Då er det få som høyrer, få som vil høyra, få som reagerar på budskapen.

Kvifor er det slik? Det svarar Guds ord på i Efes. 2,1-9: «Også dykk som var døde ved dykkar misgjerningar og synder, gjorde han levande». Her talar apostelen til nokon som hadde høyr, og gjort etter det dei høyrde. Det kan vel ikkje seiast klårare enn her i Efes. 2. Me tek med litt av ordet: «Dykk og har han gjort levande, de som var døde ved dykkar misgjerningar og synder, som de fordom ferdast i etter tidarfaret i denne verdi, etter hovdingen yver maktene i lufta, den åndi som no verkar i vantrua sine barn. - Men Gud, som er rik på miskunn, har for sin store kjærliks skuld som han elska oss med, gjort oss levande med Kristus, endå vi var døde ved våre misgjerningar».

Nei, der er ingen kø på veien til livet. Jesus seier at den veg er smal som fører til livet, og få er dei som finn han. Endå Gud har gitt oss livet i Jesus, ei opna dør til himmelen der dom og død ikkje når oss, til eit varmt og kjærleg farshjarta, og kan gjera levande med Kristus alle som høyrer og tar imot ordet om Jesus.

Mor og far lyt ofte ta ansvaret for det barna gjer galt, og gjera om att det dei ikkje makta gjera, anten det nå er skulearbeid eller handarbeid. Slik også med

Jesus som måtte bære alt det vi gjorde og gjer av synd og gjorde galt. Alt arbeid blir løna, og slik er det også når det gjeld vårt åndsliv. Synda si løn er døden, seier Guds ord. Dette gjeld alle uansett alder, godt eller dårlegt liv. Høyr det ennå ein gong: **Synda si løn er døden.**

Men dette er ikkje det siste, Guds ord forkynt meir, og Gud vere takk for det. Guds ord lærer at det finst ein Gud og mellemmann millom Gud og menneske, **menneske Kristus Jesus**, han som gav seg sjølv til ein løysepeng for alle. (1.Timot.2,5-6). Det kom ein og la seg millom oss og Gud. Det var menneske Kristus Jesus, han som er sann Gud og sant menneske. All synd og alt ugjort og misgjort, alt mørkt og vondt syndeflekka i vårt naturlege og dødelege kjøt tok han på seg. Hå han var kjærleiken større og sterkare enn døden. «Når du Guds kjærleik grant vil sjå, til Golgata du ganga må». Her betalte han synda si løn som er døden, under Guds dom og forbanning.

Kva fekk så vi ved hans offer og gjerning for oss? Vi fekk livet, ein stengt himmel blei opna for fortapte syndarar, eitt Faderhjarta som aldri blir trøytt av å elska og forbarma seg over angrande syndarar. Som Jesus tok på seg alt i vårt liv og død, slik skal vi og få alt i hans liv og død for oss. Han gav seg sjølv som ein løysepeng for alle. Der synda og misgjerningane er store og mange, der blir **nåden endå større.**

Kvifor gjev ordet om syndstilgiving så liten gjenklang hjå menneske? Kvifor vert det så lite gleda? Kvifor kan dagar og år gå utan ein takke- og lovsongstone og sigerstone?

Er årsaka att synda er vorten så liten og ubetydeleg for oss? Me kan ta eit døme frå krigens dagar. For nasistane var det ikkje hardt å vera under tyskar-åket. Dei ville vera der, og gjorde det dei kunne for at andre også skulle vera der. Dei gledde seg over Hitlers hær sin framgang, mens mange andre gret og lengta etter fred og fridom for land og folk som var i fangenskap under tyrani.

Ingen gløymer fridomsdagen, av dei

som var fangar, ute i krigen, eller låg i dekning, og heller ikkje dei som hadde noken av sine der. For ei gleder då freden var ein røyndom, det veit alle dei som opplevde den.

Men no er alt dette for lenge sidan kome på avstand, gløymt av altfor mange og tome ord utan serleg betydning for dei som ikkje var gamle nok til å oppleva det. Men det skulle vel ikkje vera slik at folket vårt er komen under ein annan tyrann?

Mammon og kjøtleg fridom, som fører til død. Som nasisten ikkje ville tru sanninga, slik trur vi ikkje sanninga om satans tyranni ved synda, mammons tilbedinga, vantrua og begjæret o.s.v. Er det årsaka til at det blir så stille, så lite av glede og takk for frelse og fridom frå synda, lova og døden, frå satans makt og herredøme? For den som ikkje har sett og opplevt trelldomen under synda og satans tyranni, blir den glade budskapet om Jesus som fridde oss frå det berre tome ord utan serleg betydning.

Vi er vel så altfor like farisearen Simon. Han sat i så godt eit lag, ved velduka

bord, alt i orden og utan synd. Men der sat og ei kvinna ved Jesu føter. Ho hadde ikkje påteken synd, men verkeleg og erkjent synd under Guds dom i hjarta og over livet. Ho hadde ikkje stort lag eller velduka bord, men eit hjarta som lengta etter fred og forlating for dei mange og store syndene. Ho blei ikkje gjort til skamme, for Jesus sa til Simon: «Difor seier eg deg, tilgivne er dei mange syndene hennar, difor er det ho elsker så mykje, men den som lite vert tilgive, elsker lite». Og til kvinna sa han: «Gå heim og lev sæl, for syndene dine er deg tilgitt».

Kor mykje elsker du? Kor mykje har du fått tilgitt av dine mange synder? Skrifta lærer at enten har vi fått tilgitt alt, eller ikkje noko av vår synd. Hjarta kan heller ikkje delast, for enten elsker du eller elsker ikkje. Kvar er så min og din plass? Under synda til dom og død, eller under nåden til evig liv og nådeløn?

Odd Dyrøy

HELLIGGJØRELSEN

Det er vel ingen steder en kristen møter så mange meninger og så stor uklarhet, som når det gjelder læren om helliggjørelse. Og skriften, historien og livets bitre erfaring viser med all tydelig klarhet, at her ble mange ledet vill og ble skilt fra Kristus og fall ut av nåden.

I tidens løp har det blitt framsatt mange meninger om helliggjørelsen, som stort sett dreier seg om eller mellom disse to ytterpunkter: Helliggjørelse det er å bli verre og verre, en større og større synder, og det andre ytterpunktet er at en kristen skal kunne bli syndfri.

Mange lir og strir her også i dag, og i håp om å komme noen til hjelp vil vi i bladet ta med noe av det Johannes

Brandtzæg forkynte om helliggjørelsen. Og vi gjør det med bønn om og håp til at du vil følge skriften sin anvisning: «Kom i hu eders veiledere, som har talt Guds ord til eder! gi akt på utgangen av deres ferd, og etterfølg så døres tro». (Hebr. 13,7)

Tre sider av hellighetsverket.

Hva Det nye Testamente angår, så skjernes det mellom tre forskjellige sider av hellighetsverket i og for en kristen.

Det første og grunnleggende i dette hellighetsverket er noe som har skjedd en gang for alle.

Denne betydningen av ordet hellig finner vi bl.a. i innledningen til flere av de paulinske brevene, som for eks. i Fil. 1,1: Alle de hellige i Kristus Jesus som er i

Filippi. Det samme finner vi i Hebr.3,1: Derfor, hellige brødre, I som har fått del i et himmelsk kall.

